
Saksnr: 2019/101-27
Saksbehandlar Even Vaular
Dato: 26.10.2020

Til: Trafikktryggingsutvalet

Frå: Dina Lefdal, fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Revidert reglement for trafikktryggingsutvalet

Fylkestinget vedtok i møte 29. september reviderte reglement for folkevalde organ og delegering (politisk sak (PS) 111/2020). Eit arbeidsutval, oppnemnt i fylkesutvalet 14. februar i år, har hatt ansvaret for å vurdere og leggja fram forslag til endringar i reglementa. For trafikktryggingsutvalet (FTU) sin del har det skjedd to vesentlege endringar i utvalsreglementet.

Avgjerdsmynde

Den eine endringa er at utvalet no har avgjerdsmynde for tildelingar frå dei tre tilskotsordningane til trafikktrygging. Det betyr at det i sakene om tildeling av tilskot no vert fatta vedtak i FTU, og ikkje av hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO). Tilskotsordningane til trafikktrygging er som kjent:

- Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak
- Tilskot til kommunale trafikktryggingsplanar
- Tilskot til trafikktryggingsaktivitetar

FTU har frå før av avgjerdsmynde for tildeling av trafikktryggingsprisen. Her er det ingen endringar. Fastsetting av korleis FTU-midlane vert fordelt og eventuelle endringar i dette løyvingsnivået gjennom året, ligg framleis til SAMO¹.

Møte- og talerett for rådgjevande medlemmar

Den andre vesentlege endringa er at FTU ikkje lenger har rådgjevande (konsultative) medlemmar med fast møte- og talerett. Fylkesrådmannen legg her til grunn ein tolkingsuttale frå kommunal- og moderniseringsdepartementet². Ut frå denne opnar ikkje kommunelova for dagens ordning. I saksutgreiinga for revisjonen av Reglement for folkevald organ og delegering står det:

«Departementet er klar på at det ikkje er høve til å gje andre enn dei faste medlemene alminneleg møte- og talerett. Fylkesrådmannen presiserer at det er ei tolkingsuttale, men den tek òg opp i seg juridisk teori. Fylkesrådmannen vil tilrå at uttalen vert lagt til grunn for samansetnaden av medlemer i folkevalde organ i Vestland. Dette har implikasjonar for konsultative medlem i fleire folkevalde organ i Vestland. Kommunelova opnar ikkje for eit slikt skilje mellom medlem med og utan forslags-/røysterett.»

Vidare seier fylkesrådmannen dette om rådgjevande medlemmar i FTU:

¹ Etter reglement for økonomiforvaltninga, punkt 3.2.

² Tolkingsuttalen er lagt ved denne saka. I saksutgreiinga til sak om Reglement for folkevalde organ og delegering (PS 111/2020, fylkestinget 29/9-20) er det trekt fram sentrale vurderingar frå tolkingsuttalen.

«Når det gjeld konsultative medlemmer i trafikktryggingsutvalet, finst slike løysingar:

- a) dei konsultative medlemene vert vald inn som ordinære medlem (personleg)
- b) dei mister status som konsultative medlem, men vert invitert til møte for å halde presentasjonar og svare på spørsmål og til å uttale seg i enkeltsaker.
- c) ein skil ut dei konsultative medlemene i eit eige administrativt organ
- d) ein avviklar trafikktryggingsutvalet som eit folkevald organ

«Kommunelova legg opp til eit tydeleg skilje mellom folkevalde organ og administrative organ. Trafikktryggingsutvalet er organisert som ein hybrid mellom desse, slik tilfelle òg er for trafikktryggingsutvala i ei rekke andre fylke. Arbeidsutvalet vil i denne omgang rå til løysing som skildra i bokstav b. Trafikktryggingsutvalet må sjølv finne beste praksis. Arbeidsutvalet vil dessutan rå til at administrasjonen set i verk ei utgreiing med å vurdere korleis trafikktryggingsutvalet skal vere organisert.»

Som konsekvens av det som er nemnt ovanfor, har FTU i reglementet som fylkestinget no har vedtatt ikkje lenger faste rådgjevande medlemmar. Kva betyding endringane skal innebære i praksis er noko utvalet bør drøfta.

Fylkesdirektøren sine kommentarar

Følgjer me arbeidsutvalet si tilråding vert dei tidlegare rådgjevande medlemmane inviterte til møte «for å halde presentasjonar og svare på spørsmål og til å uttale seg i enkeltsaker». Dette liknar mykje på den praksisen me har hatt i FTU til no. Etter fylkesdirektøren sitt syn har ordninga med rådgjevande medlemmar fungert etter intensjonen.

FTU har ei viktig rolle for å sikra at fylkeskommunen følgjer opp sitt ansvar for trafikksikring etter vegtrafikklova §40a, nemleg å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket. I utvalsreglementet står det om FTU at det «skal vere eit rådgjevande organ i saker som gjeld trafikkspørsmål, og i saker som gjeld koordinering av trafikktryggingsarbeidet i Vestland fylke». Dei tidlegare rådgjevande medlemmane har hatt roller som rådgjevarar for utvalet og som bindeledd til sine organisasjonar og ts-arbeidet i deira regi. Dette samspelet er av stor betyding for at FTU skal kunna følgja opp det lovpålagte ansvaret for trafikktrygging som fylkeskommunen har.

Fylkesdirektøren vil råda til at FTU held fram med ein praksis der fagfolka framleis kan fungera som eit råd som utvalet kan drøfta ulike problemstillingar med. Ein kjerne av dei tidlegare rådgjevande medlemmane bør då verta inviterte med til alle møte. Det vil også vera naudsynt om politikarane framleis skal stilla spørsmål og få svar i same møte.

Fram til revidert reglement vart vedtatt, har følgjande partar vore representert med rådgjevande medlemmar:

- Vest politidistrikt/Utrykkingspolitiet
- Trygg Trafikk
- Fylkeskommunen sin administrasjon, representert med ulike ansvarsområde
 - Ulykkesanalyse og fysiske ts-tiltak, mobilitet og kollektiv, opplæring og kompetanse, folkehelse.
- Statens vegvesen
- Skyss/Kringom
- Autoriserte trafikkskolers landsforbund (ATL)
- Vestland ungdomsutval

Fylkesmannen i Vestland har vore invitert, men takka tidleg nei til å delta som rådgjevande medlem. Somme av dei rådgjevande medlemmane har hatt ei meir perifer rolle enn andre. For Skyss/Kringom og avdeling for opplæring og kompetanse i fylkeskommunen, representerer trafikktryggingsarbeidet ein mindre del av deira ansvarsområde. Det har ikkje alltid vore like relevant for dei å sitte som faste, rådgjevande medlemmar i FTU. Andre utgjer ein kjerne, ved å representera dei mest sentrale partane i ts-arbeidet nasjonalt og regionalt. Vestland ungdomsutval er også invitert med for å bidra i FTU-arbeidet. Etter fylkesdirektøren sitt syn bør følgjande partar vera «fast inventar» på FTU-møta:

- Vest politidistrikt/Utrykkingspolitiet
- Trygg Trafikk
- Fylkeskommunen sin administrasjon, representert med ansvarsområda
 - Ulykkesanalyse og fysiske ts-tiltak, mobilitet og kollektiv, folkehelse.

- Statens vegvesen
- Vestland ungdomsutval

Andre partar kan verta inviterte etter kva som står på dagsorden i møta.

Kva meiner utvalet?

Fylkesdirektøren ber trafikktryggingsutvalet om å drøfta kva praksis dei ønskjer seg.

Vedlegg

- 1 Reglement for FTU - TING 290920
- 2 Tolkingsuttale om møte- og talerett frå kommunal- og moderniseringsdepartementet, mai 2020